

Fra: Post[post@kvinnherad.kommune.no]  
Sendt: 11.11.2021 12:56:20  
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: VS: Spørsmål ang.Kvinnherad hjelpemiddelsentral lokalisert i Omvikdalen

---

**Fra:** Ragnhild Bjerkvik  
**Sendt:** tirsdag 9. november 2021 20:33  
**Til:** Synnøve Solbakken <[synnovesolbakken57@gmail.com](mailto:synnovesolbakken57@gmail.com)>  
**Kopi:** Hilde Enstad <[hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no](mailto:hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Spørsmål ang.Kvinnherad hjelpemiddelsentral lokalisert i Omvikdalen

Her kjem svar på spørsmål frå Synnøve Solbakken – vedr hjelpemiddellageret. Beklager at dette tok noko tid.

Etter at kommunestyret vedtok å ikkje vurdere samarbeid med Kvinnherad Vekst for å drifte hjelpemiddellageret så har kommunedirektøren vurdert fleire alternativ. Utgangspunktet er at dette bør lokaliseres på Husnes. Dette er området med størst busetnad. Ei lokalisering her vil gje dei beste føresetnadene for god logistikk og effektiv drift. Dersom andre lokasjoner skal vurderes så må det være andre forhold ved lokasjonen som kan oppvege ulempen denne lokasjonen kan føre til.

1. tidl lager til Felleskjøpet – Dimmelsvik. Ikkje tilpassa areal, noko stort, høg kostnad. – ikkje gått vidare med dette.
2. Mogleg plassering av hjelpemiddellager i tilknytning til Undarheim gamle skule. Det er gjennomført møte/synfaring med prosjektavdelinga. Konklusjon er at det ikkje er plass til eit tilbygg grunna massar som kjem til i samanheng med ny veg inn til industriområdet, samt regelverk knytt til brann. Det vert trukke fram plassering på nabotomta som alternativ. Kommunen eig denne tomte og den kan lett tilpassast. Vi ser no nærmare på dette ift om det inneheld nødvendig str på areal, og sjekker ut tilkomstveg og liknande. Nybygg her vil vere nødvendig. Denne plasseringa kan og gje synergi med å kunne bruke hjelpemiddellageret som arbeidstreningarena.
3. I påvente av ny lokalisering er det behov for midlertidig løysing. Alternativ er å leige nytt mellombels lokale. Vi vil først undersøke moglegheit for å gjere utbetringar i eksisterande bygg. Dette spørsmålet vert påverka av tidsperspektiv på endeleg framtidig løysing og må sjåast i samanheng.

Dei som deltar i arbeidet med å skissere moglegheiter er einingsleierane i einig for Ergo/fysio og eining for Aktivitet, læring og mestring, sektorleiar, omsorg, helse og sosial, samt kommunedirektør. Så snart vi har landa på noko meir konkret å jobbe vidare med så vil arbeidsgruppa bli endra slik at den vert meir operativ, og ein vil legge opp til auka grad av medverknad frå tillitsvalde og vernetenesta.

Med helsing  
Ragnhild Bjerkvik | Kommunedirektør

Mobil: +47 992 76 690

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Fra:** Hilde Enstad <[hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no](mailto:hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no)>

**Sendt:** torsdag 21. oktober 2021 08:15

**Til:** Ragnhild Bjerkvik <[ragnhild.bjerkvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:ragnhild.bjerkvik@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** Fwd: Spørsmål ang.Kvinnherad hjelpemiddelsentral lokalisert i Omvikdalen

Hei!

Kan du eller den du peiker ut førebu eit svar som ordføraren kan gje Synnøve Solbakken i kommunestyremøtet 28.10?

Venleg helsing  
Hilde Enstad

---

**Fra:** Synnøve Solbakken <[synnove.sol@icloud.com](mailto:synnove.sol@icloud.com)>

**Sendt:** onsdag, oktober 20, 2021 9:35 pm

**Til:** Hilde Enstad; Post

**Kopi:** Synnøve Solbakken

**Emne:** Spørsmål ang.Kvinnherad hjelpemiddelsentral lokalisert i Omvikdalen

Til

Hilde Enstad  
Fungerande ordførar  
Kvinnherad kommune

Hei.

Spørsmål ang.Kvinnherad hjelpemiddelsentral lokalisert i Omvikdalen

Våren 2021 fekk politikarane ein presentasjon av forholda hjå Kvinnherad hjelpemiddelsentral. Det var uverdige arbeidstilhøve me fekk presentert og som det var politisk semje om ikkje kunne halda fram.

Hjelpemiddelsentralen held til i same bygg som barnehagen i Omvikdalen.  
Der er ikkje kontor,garderobe og toalett.

Tilsette brukar toalett som tilhøyrrer barnehagen.

Vinterstid er det trekkfult i lokalet og ned mot 10 gr.her utfører dei tilsette arbeidet sitt.

Dette er uakseptable arbeidstilhøve og kan ikkje halda fram.

Arbeidsforholda til dei tilsette var elendige då me fekk presentert dette,det er framleis ikkje noko betring.

Kommunen vår får fleire eldre og med gode tankar om at ein skal få bu heima så lenge det let seg gjera vil bruk av hjelpemiddel auka,det må me leggja tilrette for ved å ha egna lager og gode arbeidsforhold for dei tilsette som har ansvar for hjelpemiddelsentralen.

Spørsmål:

Kor langt er arbeidet komt etter det politisk kom tydelige signal om at forholda til Kvinnherad hjelpemiddelsentral ikkje kunne halda fram?

Mvh

Synnøve Solbakken Ap.

Sendt fra min iPad